

Forslag til fråsegn frå Ullensvang Nei til EU til årsmøtet i Hordaland Nei til EU 20. mars 2026:

FORSVAR HEIMFALLSRETTE – OPPHEV RANET AV RØLDAL SULDAL KRAFTANLEGG!

Årsmøtet i Hordaland Nei til EU minner om at heimfallsretten har vore ein bærebjelke i norsk kraftpolitikk heilt sidan starten av forrige århundre. Etter ein konsesjonsperiode på 60 år, skulle private og utanlandseigde kraftverk vederlagsfritt gå attende til det norske folk via staten og vertskommunane. Vekslande regjeringar og Storting har sidan 1990-talet gradvis undergravd heimfallsretten og full nasjonal kontroll over vasskrafta.

I desember i 1962 gav Gerhardsen-regjeringa og Stortinget konsesjon i 60 år til byggjing av Røldal-Suldal kraftanlegg (RSK), som m.a. skulle levere straum til aluminiumsproduksjon på Karmøy og Husnes.

Ved kongeleg resolusjon vedtok Solberg-regjeringa 11.juni 2021 å oppheve samfunnskontrakten frå 1962, avvikle heimfallsretten og vederlagsfritt gje Hydro og Lyse DA ein evigvarande konsesjon og årlege kraftinntekt på fleire milliardar kroner.

Dette vedtaket like før stortingsvalet i 2021 er blitt karakterisert som eitt av dei største rana i nyare norsk historie og ei gigantisk gåvepakke til Hydro og Lyse DA. Før kommunevalet i 2023 vart det reist eit innbyggjarinitiativ for å førsøke å gjere om denne uretten. Dette initiativet har fått støtte frå Ullensvang kommunestyre og Vestland fylkesting.

Årsmøtet i Hordaland Nei til EU ser dette som ei viktig prinsipiell sak, og støttar Ullensvang kommune sitt arbeid for å få fullt innsyn i alle dokument i saka, for å kunne førebu ei eventuell stevning mot staten. Det er og reist ei klage om at dette er ulovleg statsstøtte etter EØS-avtalens paragraf 61 og tilhøyrande føresegner.

Årsmøtet i Hordaland Nei til EU oppmodar og Nei til EU sentralt om å involvere seg i denne saka og løfte fram kampen for full nasjonal kontroll over vasskrafta, fullt innsyn i hemmelege avtalar og gjeninnføring av reell heimfallsrett i norsk kraftpolitikk.

Innsendt av: Ullensvang Nei til EU